
FORVALTNINGSMÅL FOR HJORT HØYANGER KOMMUNE 2025 – 2028

Måldokument for hjorteforvaltning



Norsk hjortesenter 23.05.2025



Foto: Johan Trygve Solheim©.



Høyanger
kommune

Samandrag

Forvaltningsmål for hjort for Høyanger er kommunen sitt måldokument og retningslinjer for hjorteforvaltninga i kommunen framover. Det byggjer på vurderingar av korleis bestandsutviklinga har vore utifrå tilgjengelege data og korleis ein ynskjer den vidare framover.

Hjorten er ein viktig utmarksressurs i kommunen. Bestanden skal forvaltast slik at det sikrar grunnlaget for ei langsiktig og stabil hausting av hjort som ein ressurs for jakt, naturopplevingar, matproduksjon og næringsutvikling. Dette utan at konfliktnivået i høve nærings- og andre samfunnsinteresser vert for stort. Forvaltninga skal og sikre bestandar med sunne og friske dyr i god kondisjon utifrå dyra sin eigenverdi.

Høyanger kommune skal, jf. kapittel 6:

- Ha ei grunneigarstyrt og kunnskapsbasert forvaltning.
- Arbeide for auka samarbeid om forvaltning gjennom bestandsplanar
- Redusere tettleiken på hjortestammen
- Snu den negative utviklinga for slaktevektar og kondisjon
- Betre kjønnsstrukturen med meir vaksne hanndyr i hjortebestanden.
- Auke gjennomsnittsalderen til dei vaksne dyra i bestanden. Kalv og ungdyr skal utgjere ein stor del av det samla jaktuttaket.



Foto: Jon Anders Stavang©.

Innhald

.....	0
Samandrag.....	1
1 Føremål - bakgrunn for utarbeiding av forvaltningsmål	4
1.1 Viltlova (LOV-1981-05-29 nr. 38: Lov om jakt og fangst av vilt)	4
1.1.1 § 1. Lovens formål.....	5
1.2 Naturmangfaldlova (LOV-2009-06-19 nr.100: Lov om forvaltning av naturens mangfold)	5
1.2.1 § 1. Lovens formål	5
1.2.2 § 5. Forvaltningsmål for arter	5
1.2.3 § 8. Kunnskapsgrunnlaget	6
1.3 Dyrevelferdslova (LOV-2009-06-19-97: Lov om dyrevelferd)	6
1.3.1 § 1. Formål.....	6
1.3.2 § 3. Generelt om behandling av dyr	6
1.4 Skogbrukslova (LOV-2005-05-27-31: Lov om skogbruk).....	6
1.4.1 § 9. Førebyggjande tiltak.....	6
1.5 Nasjonal strategi for forvaltning av hjortevilt	7
1.6 Hjorteviltforskrifta (FOR-2016-01-08-12: Forskrift om forvaltning av hjortevilt)	7
1.6.1 § 1 Formål.....	7
1.6.2 § 3. Mål for forvaltning av elg, hjort og rådyr.....	7
1.6.3 § 4. Interkommunalt samarbeid	7
2 Bestandsstruktur og vektutvikling	8
2.1 Resultat frå overvakingsprogrammet for hjort	8
2.1.1 Vektutvikling hjå kalvar og ungdyr.....	8
2.1.2 Reproduksjonsevna i hjortebestandane	8
2.1.3 Alderen til dyra hjortebestandane.....	9
2.2 Årsaker til reduksjon av vekt og kondisjon	10
2.2.1 Beitekonkurranse.....	10
2.2.2 Alderen til dyra i bestandane	10
3 Skader på jordbruksareal, skog, hagebruk m.v.	12
3.1 Beiteskadar på jordbruksareal	12
3.2 Beiteskadar på skog	12
3.3 Skadar i hagar m.v.	13

3.4	Påkøyringar	13
4	Bestandsutvikling og status	15
4.1	Fellingsstatistikk	15
4.1.1	Fellingsstatistikk 1986 - 2024	15
4.1.2	Fordeling av avskytinga	16
4.1.3	Kjønnsfordeling i jaktuttaket	17
4.1.4	Fordeling av avskytinga på kjønns og aldersgrupper	18
4.2	Sett Hjort registreringar og vårteljing	18
4.2.1	Sett hjort per jegerdag og vårteljing	19
4.2.2	Sett kalv pr kolle	21
4.2.3	Sett Kolle pr. bukk	21
4.2.4	Sett spissbukk pr bukk	22
4.3	Slaktevektar kalvar og ungdyr	22
4.3.1	Slaktevektar for kalvar	23
4.3.2	Slaktevektar for ungdyr	23
4.4	Samandrag bestandsutvikling og status	24
5	Organisering, valdstruktur og områdebruk	24
5.1	Dagens valdstruktur og organisering	24
6	Forvaltningsmål og tiltak i planperioden	25
6.1	Hovudmål	25
6.2	Delmål	25
6.2.1	<i>Bestandsretta og grunneigarstyrt forvaltning av hjortebestandane</i>	25
6.2.3	Redusere bestanden og legge til rette for eit stabilt jaktuttak	25
6.2.4	Auke andelen eldre hanndyr i bestanden	26
6.2.5	Auke gjennomsnittsalder til dyra i bestanden	26
6.2.6	Sikre bestandar med sunne og friske dyr i god kondisjon	26
6.3	Tiltak	26
6.3.1	Bestandsretta og grunneigarstyrt forvaltning av hjortebestandane	26
6.3.2	Forvaltninga skal vere kunnskapsbasert	26
6.3.3	Redusere omfanget av arealbrukskonfliktar i høve andre interesser	27
6.3.4	Auke andelen eldre hanndyr i bestanden	27
6.3.5	Auke gjennomsnittsalder til dyra i bestanden	27
6.3.6	Sikre bestandar med sunne og friske dyr i god kondisjon	27

1 Føremål - bakgrunn for utarbeiding av forvaltningsmål

Det er fleire lover og tilhøyrande forskrifter samt Nasjonal strategi for forvaltning av hjortevilt mv som legg rammer og føringar for forvaltning av hjortevilt.

Dagens hjorteviltbestandar utgjer viktige og store ressursar både som grunnlag for rekreasjon gjennom jakt, andre naturopplevingar og som kjøtprodusentar. Desse ressursane gjev mange stader og etterkvart grunnlag for næringsmessig utnytting. Mange jegerar og grunneigarar ynskjer difor å ha tette hjorteviltbestandar.

Hjorteviltet påverkar og andre næringsinteresser som jord, skog og hagebruk der beiteskader av hjortevilt kan medføre økonomisk tap av betydeleg omfang. Skade i private hagar og på gravplassar, parkar o.l. kan og einskilde stader vere eit problem. I høve samferdsle er kollisjonar mellom køyretøy, jernbane og hjortevilt mange stader eit stort problem. Dette kan i mange tilfelle medføre alvorlege personskadar i dei verste tilfella med tap av menneskeliv. Det er og ofte knytt store lidingar for skadde dyr og store økonomiske konsekvensar gjennom skade på køyretøy, kostnader for helsevesenet og kostnader med ettersøk og avliving av skadde dyr. I takt med aukande bestandstettleik har vekt og kondisjon hjå dyra gått nedover. Dette har medført mindre robuste bestandar med mindre stabil reproduksjon og dårlegare vinteroverleving for kalvar. I høve omsyn til etikk og dyrevelferd så har denne utviklinga og vore uheldig.

Store konsentrasjonar av hjortevilt påverkar og vegetasjonen i vesentleg grad noko som igjen kan få betydning for naturmangfaldet. Dette gjeld både i høve til vegetasjonen og endra livsmiljø og levekår for andre viltartar og organismar. Forsking syner at effektar av hjorteviltbeiting kan vera både positive og negative avhengig av kva forvaltningsmål ein har for det biologisk mangfaldet. Til dels hard beiting av hjort kan vere positivt for mangfaldet sjølv om det kan gå hardt ut over einskilde artar hovudsakleg busker og tre.

Hjortebestandane skal og forvaltast utifrå omsynet til dyrevelferd og dyra sin eigenverdi.

Kommunen har såleis ansvar for å ta omsyn til ei rekkje interesser når dei gjennom det kommunale målet skal legge føringar for hjorteforvaltninga. Dei kommunale måla bør vere mest mogleg konkrete og kunne etterprøvast.

1.1 Viltlova (LOV-1981-05-29 nr. 38: Lov om jakt og fangst av vilt)

Viltlova gjev regelverket for det meste i høve utøving av jakt, fangst og forvaltning av vilt. Ein del av dette er heimla direkte i lova, men og gjennom ei rekkje forskrifter til lova m.o.a.: - Forskrift om forvaltning av hjortevilt som særskilt omhandlar forvaltninga av hjorteviltet.

Føremålsparagrafen i Viltlova seier:

1.1.1 § 1. Lovens formål

Viltet og viltets leveområder skal forvaltes i samsvar med naturmangfoldloven og slik at naturens produktivitet og artsrikdom bevares.

Innenfor denne ramme kan viltproduksjonen høstes til gode for landbruksnæring og friluftsliv.

Viltlova er no under revisjon og ei ny lov er å forvente med det fyrste. Denne vil i hovudsak omhandle jakt og jaktutøving. Det som gjeld forvaltning av hjort ligg i hovudsak til Naturmangfoldlova og slik sett vil den nye lova ikkje vere førande for forvaltninga av hjorten i kommunen.

1.2 Naturmangfoldlova (LOV-2009-06-19 nr.100: Lov om forvaltning av naturens mangfold)

Naturmangfoldlova som er ei overordna lov i høve all arts og arealforvaltning gjev ikkje konkrete reglar for jakt, fangst og forvaltning av vilt anna enn i høve det som ein vanlegvis kallar «skadefellingsløyve». Dette vil sei uttak av vilt utanom reglar for vanleg jakt og fangst for å avverje skade på ulike interesser. Dette er heimla i: § 17. alminnelige regler om annet uttak av vilt og lakse- og innlandsfisk og i § 18. annet uttak av vilt og lakse- og innlandsfisk etter vurdering av myndighetene. Prinsippa i Naturmangfoldlova skal likevel leggjast til grunn ved all forvaltning både av areal og einskildartar. Lova stiller og krav til kunnskapsgrunnlaget for offentlege vedtak noko som då gjeld for fastsetjing av det kommunale målet så vel som for både tildeling av fellingsløyver og godkjenning av bestandsplanar.

I høve ivaretaking av økologiske prosessar (§ 1) kan skeiv kjønnsbalanse og lite vaksne hanndyr som ein ser mange stader vere i konflikt med dette. Nok vaksne hanndyr til at det vert avgjerande kamp mellom vaksne bukkar om å få pare kollene har viktige funksjonar i høve brunst og reproduksjon. For få av desse meiner ein er medverkande for den negative vekt og kondisjonsutviklinga til dyra i bestandane. Hanndyra er ikkje ferdig utvikla kroppsleg (vaksne) før dei er om lag 6 år. Resultat frå Overvåkingsprogrammet (pkt. 3.1.3) syner at gjennomsnittsalderen til bukkane er låg og at der er særst få hanndyr over 6 år.

1.2.1 § 1. Lovens formål

«Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.»

1.2.2 § 5. Forvaltningsmål for arter

«Målet er at artene og deres genetiske mangfold ivaretas på lang sikt og at artene forekommer i levedyktige bestander i sine naturlige utbredelsesområder. Så langt det er nødvendig for å nå dette målet ivaretas også artenes økologiske funksjonsområder og de øvrige økologiske betingelsene som de er avhengige av.

Forvaltningsmålet etter første ledd gjelder ikke for fremmede organismer.

Det genetiske mangfold innenfor domestiserte arter skal forvaltes slik at det bidrar til å sikre ressursgrunnlaget for fremtiden.»

1.2.3 § 8. Kunnskapsgrunnlaget

«Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.»

1.3 Dyrevelferdslova (LOV-2009-06-19-97: Lov om dyrevelferd)

Dyrevelferdslova gjev reglar om respekt og handsaming av dyr så vel viltlevande som tame og gjeld såleis i høve forvaltning og jakt på hjort. Utviklinga i hjortebestandane mange stader på vestlandet med minkande kroppsvektar og kondisjon hjå dyra som t.d. i snørike vintrar kan medføre stor dødelegheit kan såleis vere i konflikt med dyrevelferdslova.

1.3.1 § 1. Formål

Formålet med loven er å fremme god dyrevelferd og respekt for dyr.

1.3.2 § 3. Generelt om behandling av dyr

Dyr har egenverdi uavhengig av den nytteverdien de måtte ha for mennesker. Dyr skal behandles godt og beskyttes mot fare for unødige påkjenningar og belastningar.

1.4 Skogbrukslova (LOV-2005-05-27-31: Lov om skogbruk)

Også skogbrukslova har reglar som kan legge føringar for forvaltninga av hjortevilt dersom hjorteviltbestandane medfører store skadar på skog jfr. Lova sin § 9:

1.4.1 § 9. Førebyggjande tiltak

Når det er fare for at større skogområde kan bli skadd av insekt- eller soppangrep skal kommunen setje i verk dei førebyggjande tiltak som er nødvendige. Dette kan mellom anna vere pålegg til skogeigarar. Dette gjeld også for skog og tre i område som er utanfor virkefeltet i § 2. Departementet kan fastsetje nærare forskrifter om slike tiltak, og korleis utgiftene skal dekkjast. Kommunen sine kostnader i denne samanhengen er tvangsgrunnlag for utlegg.

Der beiting av hjortevilt fører til vesentlege skadar på skog som er under forynging, eller der beitinga er ei vesentleg hindring for å overhalde plikta til å forynge skog etter § 6 i denne lova, skal kommunen som viltorgan vurdere om det er behov for å regulere bestanden av hjortevilt slik at beitetrykket blir redusert.

1.5 Nasjonal strategi for forvaltning av hjortevilt

Direktoratet for Naturforvaltning fastsette i 2009 strategi for forvaltning av hjortevilt (DN rapport 8 – 2009). Strategien freistar å synleggjere utfordringane ein vil møte i høve forvaltninga av hjorteviltartane i åra framover. Denne utgjer den overordna målsetjinga for korleis ein ynskjer forvaltninga framover som er uttrykt gjennom 5 konkrete mål :

- Forvaltninga skal sikre livskraftige og sunne hjorteviltbestandar, rikt biologisk mangfald og framtidig produksjon.
- Forvaltninga skal ha brei samfunnsmessig legitimitet.
- Forvaltninga skal sikre samarbeid og samhandling mellom lokale, regionale og nasjonale aktørar.
- Forvaltninga skal vere basert på høg kompetanse på alle nivå.
- Forvaltninga skal stimulere til auka kvalitet og mangfald av opplevingar, tenester og produkt.

Hjorteviltstrategien er no under revisjon og den nye strategien vil truleg bli ferdigstillt i 2025.

1.6 Hjorteviltforskrifta (FOR-2016-01-08-12: Forskrift om forvaltning av hjortevilt)

Hjorteviltforskrifta gjev reglar for forvaltninga av hjortevilt. Det er her i §3 sagt at kommunane skal fastsetje mål for utviklinga av bestandane av elg, hjort og rådyr. Føremålsparagrafen (§1) gjev og føringar for bestandsmåla.

1.6.1 § 1 Formål

«Formålet med denne forskriften er at forvaltningen av hjortevilt ivaretar bestandenes og leveområdenes produktivitet og mangfold. Det skal legges til rette for en lokal og bærekraftig forvaltning med sikte på nærings- og rekreasjonsmessig bruk av hjorteviltressursene. Forvaltningen skal videre sikre bestandsstørrelser som fører til at hjortevilt ikke forårsaker uakseptable skader og ulemper på andre samfunnsinteresser.»

1.6.2 § 3. Mål for forvaltning av elg, hjort og rådyr

«Kommunen skal vedta mål for utviklingen av bestandene av elg, hjort, og rådyr der det er åpnet for jakt på arten(e). Målene skal blant annet ta hensyn til opplysninger om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skader på naturmangfold, jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane.»

1.6.3 § 4. Interkommunalt samarbeid

«Kommunene bør samarbeide om felles mål for hjorteviltbestandene når det er hensiktsmessig å samordne bestandsplanleggingen over kommunegrenser.

Fylkeskommunen kan pålegge kommuner å inngå i et slikt samarbeid hvis det anses som nødvendig for å ivareta bestands- eller samfunnsmessige hensyn på et regionalt nivå.»


Ei rekkje merkjeprojekt av hjort syner at ein stor del av dyra gjennom året brukar store areal og at verken kommune eller fylkesgrenser er barrierar i den samanheng. Det er lokale variasjonar men størstedelen av dyra har ulike leveområde sumar og vinter og avstandane mellom desse kan vere til dels store. Hausttrekket går føre seg under jakta og ein stor del av dyra er innom fleire kommunar i løpet av jakta.

2 Bestandsstruktur og vektutvikling

2.1 Resultat frå overvakingsprogrammet for hjort

Overvåkingsprogrammet for hjortevilt som har samla inn kjevar og ovariar frå felte hjort i lag med data om slaktevekt, fellingstidspunkt m.v. har gjeve mykje kunnskap om bestandsstruktur, vektutvikling og reproduksjonsemne i hjortebestandane. På Vestlandet har det vore samla inn materiale frå felt hjort i 2 regionar – region sør (Kvinherad kommune) og region nord (tidl Flora kommune) sidan 1992. Då avskytings mønster og bestandsutviklinga har vore mykje godt lik for heile Vestlandet i perioden kan data frå overvaksingsregionane overførast/nyttast i andre område.

2.1.1 Vektutvikling hjå kalvar og ungdyr



Figur 1: syner utviklinga av slaktevektene for kalvar og 1,5 årige dyr for region Vestland Nord. Data for perioden 1992 – 2021. Alle vektar er datokorrigert til 1. oktober.

I takt med bestandsauken ein har hatt sidan 1980 talet og framover har slaktevektene for kalvar og ungdyr gått ned. Mønsteret er mykje godt likt i dei andre overvaksingsregionane på Vestlandet. Slaktevektene for kalvar og ungdyr aukar gjennom jakttida og vektene her er korrigert til 1 oktober. Kondisjonen/holdet til dyra har og blitt dålegare noko som medfører mindre robuste dyr i høve vinteroverlevering om det skulle bli ein vinter med mykje snø. Dette gjer bestandane meir ustabile og varierande med ulik vinteroverleving og reproduksjon mellom år.

2.1.2 Reproduksjonsevna i hjortebestandane

Reproduksjonsevna i bestandane har og gått ned i takt med vektreduksjonen då andelen 1,5 årige hodyr som kjem i brunst og får fram kalvar som 2 åringar er sterkt redusert. Dette er direkte vekt/kondisjonsavhengig. For region Sogn og Fjordane er andelen 1,5 årige koller som tek kalv meir

enn halvert sidan Overvakingsprogrammet starta i 1992. Og for områda i tidlegare Flora kommune har det lenge vore under 20 % av 1,5 årige koller som går i brunst.

Ein del hodyr med låg vekt/dårleg kondisjon tek heller ikkje kalv som 2,5 åringar. Ungdyra utgjør ein stor del av bestanden og dette påverkar såleis den totale produksjonsevna i bestanden negativt då ein må ha fleire dyr for å produsere ei viss mengde kalvar samanlikna med ein bestand der ein større del av hodyra produserer kalv.

Forutan at små kalvar er dårlegare rusta for å kunne klare fyrste vinteren, som mange stader tidvis kan vere eit nålauge, vil desse små kalvane heller aldri kunne vekse seg store. Dei vil bli små dyr både som ungdyr og vidare utover i livet. Små dyr fostrar vanlegvis små kalvar, men her kan alderen til ein viss grad kompensere noko då eldre koller fostrar større kalvar enn yngre koller. Alderen på dei vaksne hodyra i bestanden er såleis med å påverke overlevelsen hjå kalvane og vekter på kalvar og ungdyr. I ein bestand med høg gjennomsnittsalder på kollene og med det ein stor del produktive koller, kan ein ha ein lågare hjortebestand som produserer fleire avkom enn ein hjortebestand med lågare gjennomsnittsalder.



Små koller må gjerne verte 3,5 år før dei kan få sin første kalv. Foto: Jon Anders Stavang.

2.1.3 Alderen til dyra hjortebestandane

NINA har med bakgrunn i det innsamla materialet i Overvakingsprogrammet sett på utfordringar i høve framtidig forvaltning av hjortebestandane på Vestlandet (NINA Rapport 571). Dei har då m.o.a. freista å rekonstruere korleis hjortebestandane i dei ulike regionane såg ut før jakt i 2006. Utifrå dette har dei m.o.a. berekna gjennomsnittsalderen til dei vaksne dyra (2 år og eldre) i bestandane. Som ein ser så er det særskild låg gjennomsnittsalder særskilt for bukk.

Overvakingsområde	Gjsn alder koller	Tal koller i bestand	Gjsn alder bukkar	Tal bukk i bestand
Hordaland	5,0 år	2334	3,4 år	633
Flora og Gloppen	5,2 år	2562	3,0 år	693

Hemne og Snillfjord	5,2 år	1352	3,0 år	431
----------------------------	---------------	-------------	---------------	------------

Figur2: Tabellen viser tal og gjennomsnittsalder for dyr 2 år og eldre i dei rekonstruerte bestandane i overvakingsregionane på Vestlandet.

2.2 Årsaker til reduksjon av vekt og kondisjon

Det er ei rekkje tilhøve som kan påverke slaktevektene til kalvane som og er avgjerande for kor store dei vert som vaksne dyr. Både beitekvalitet, beitekonkurranse, kalvingstidspunkt og alderen på dei vaksne dyra i bestanden spelar inn her.

2.2.1 Beitekonkurranse


Auka konkurranse om den beste og mest næringsrike maten er ein vanleg årsak til at auka bestandstettleik medfører reduserte kroppsvektar for hjort og andre gras/planteetande dyr. Vinterbeitet handlar for mange berre om å overleve med minst mogleg tap av kroppsvekt, mens det er i vekstsesongen på sommarhalvåret dyra veks og legg opp opplagsnæring til å tære på gjennom vinteren. Det er såleis sumarbeitet som er avgjerande for kroppsstorleiken og kondisjonen til dyra. Ved aukande bestandstettleik vert det konkurranse om dei mest næringsrike og attraktive beiteplantane. Dette betyr ikkje at dyra går rundt og svelt, men at dei får tilgang til mindre av dei mest verdfulle beiteplantane og fylgjeleg ikkje så god vekt/kondisjonsutvikling som dei kunne ha hatt.

2.2.2 Alderen til dyra i bestandane

I høve kalvevektene så er det ikkje berre bestandstettleiken og beitekonkurranse som spelar inn, men kalvingstidspunktet er og avgjerande for vektutviklinga til kalvane. Tidleg kalving vert rekna som ein stor fordel då kalvane får med seg meir av den produktive tida tidleg på sumaren med høgt proteininnhald i vegetasjonen.

Store og eldre koller i god kondisjon kjem tidleg i brunst og før oftast fram store kalvar som vert kalva tidleg. Dette har stor betydning for vektutviklinga til kalvane og dermed og kor store dei vert som vaksne. Koller som vert para seint kan kompensere for dette ved å korte ned drektigheitstida noko. Dette inneber då ofte mindre og svakare kalvar som likevel vert fødde seint og er såleis enno mindre positivt i høve vektutviklinga.

Å ha tilstrekkelig med vaksne hanndyr i bestanden har og verknad for kalvevektene. Brøling og anna brunstaktivitet til dei eldre bukkane er med på å framskande og synkronisere brunsten hjå kollene. Kolla må parast innan eit tidsrom på om lag eit døger dersom det skal verte kalv. Om den ikkje vert para då kan den gå i brunst igjen om ca 18 dagar. Dette inneber seinare paring som er avgjerande for kalvevektene. Godt vaksne hanndyr som har samla seg eit «harem» som dei fylgjer har erfaring og vil kunne pare kollene når dei er klare. Kollene er og primært ute etter å pare seg med store og dominerande bukkar. Mangel på vaksne bukkar reknar ein difor kan vere årsak til at koller ikkje vert para ved fyrste brunst og dermed ombrunst og seinare paring/kalving.



Figur 3 syner gjennomsnittsalderen til felte hann og hodyr 2 år og eldre i lag med andelen kalv og ungdyr i jaktuttaket frå tidlegare Flora kommune som no utgjer overvåkingsregionen Vestland nord.

Bukkar har i Flora som elles på Vestlandet tidlegare utgjort ein alt for stor del av det samla jaktuttaket. Over tid har no hanndyr samla og særleg bukkar utgjort ein minkande del av det samla jaktuttaket og har dei siste åra utgjort kring 15 %. I lag med at kalv og ungdyr har utgjort ein aukande del av jaktuttaket ser ein auke i gjennomsnittsalderen for felte dyr som er 2 år og eldre. Men gjennomsnittsalderen særleg for hanndyr er framleis låg i tillegg til at det er for få hanndyr i høve hodyr.



Det er blitt fleire bukkar, men vaksen bukk er det enno svært få av. Dette har negative effektar for brunstavgivlinga. Foto: Johan Trygve Solheim.

3 Skader på jordbruksareal, skog, hagebruk m.v.

Hjorten si beiting påverkar vegetasjon og naturgrunnlaget og med det næringsinteresser som jord, skog og hagebruk. Skade i private hagar og på gravplassar, parkar o.l. kan og einskilde stader vere eit problem. Kollisjonar med hjort er og mange stader eit problem. Beiting frå hjort på jordbruksareal og skog kan medføre økonomiske tap for brukarane av betydeleg omfang. Omfanget av dette avheng av det lokale beitepresset, avlingstype og alder på skogen. Det økonomiske tapet er størst i meir intensive jordbruksproduksjonar som frukt og frilandsgrønnsaker. I utsette områder kan hjorten og gje betydeleg redusert avling i grasproduksjon.

3.1 Beiteskadar på jordbruksareal

Innmarksareala utgjer mange stader viktige beiteområde for hjorten, særskilt vår og haust.

Beitepresset er oftast størst i typisk vinterbeiteområde der det står mykje dyr frå hausten av og til vårtrekket startar i byrjinga av mai. I slike område med lite snø der hjorten kjem til enga gjennom vinteren kan tapet bli særskilt stort då den beitar graset så hardt nedåt at mykje av dei beste og mest næringsrike grasslaga raskt går ut. Dette vert erstatta av meir beitesterke artar med lågare fôrverdi og produksjon, noko som medfører at enga må fornyast oftare om ein skal oppretthalde ein høg fôrproduksjon. I slike område kan det om det og vert beita gjennom vekstsesongen, vere snakk om eit avlingstap på opptil 40 % av totalavlinga. Forureining av hausta for med hjorteavføring som vert med i foret under haustinga kan og vere eit problem der hjorten beitar på innmark om sumaren.

For å avgrense skadar på m.o.a. landbruksproduksjon kan ein med heimel i Naturmangfoldloven § 18 gje løyve til å ta ut einskildindivid, ved såkalla «skadefellingsløyve». Då det ofte er koller som etablerer eit slikt beitemønster må ein og ta omsyn til at dei kan ha kalv. Løyve til slikt uttak for koller kan difor ikkje gjevast før kalvane tek til å fylgje mora på beite. Nokre stader ser ein og at bukkeflokkar legg seg til eit beitemønster der dei «okkuperer» innmarksareal og beiter fast der. Med tidleg jakttdsstart som no 1. september vil ein og innanfor ordinær jakttdsstart klare å få vekk slike dyr om ein prioriterer dette fyrst i jakta.

For å halde hjorten vekk frå landbruksproduksjon er det einaste effektive tiltaket då hjortegjerde. Dette er relativt kostbare tiltak men kan i utsette område likevel vere ei god investering. Det kommunale viltfondet kan nyttast til å gje tilskot til tiltak for å førebyggje beiteskade av hjort på landbruksproduksjonar.

Ved samarbeid gjennom bestandsplanar for større område kan fellingsløyva kan nyttast i heile bestandsplanområdet. Det vil sei at eit område med mange fellingsløyve og dårleg utteljing kan nytte fellingsløyva i områder med tettare bestandar og eventuelle beiteskadar.

3.2 Beiteskadar på skog

For skog er det i hovudsak 2 typar skader som medfører større økonomisk tap for skogeigaren. Dette gjeld borkgnaging på produksjonsskog (hogstklasse 3 og 4) av gran og knopp/skotbeiting på ungskog (hogstklase 2) av gran og furu.

Borkgnaging på gran medfører ofte roteskadar i områda med gnag og rotstokken ver øydelagt som sagtømmer. Trea vert og svekka av råteangrepet noko som ofte kan medfører stammebrekk. Skotbeitinga på ungskog i hogsklasse 2 medfører sterkt redusert vekst og ved gjenteken hard skotbeiting kan det medføre at trea dør. Det er og eit problem mange stader at hjorten beitar i nyplantingar før plantene har fått rota seg og dei vert dragne opp av jorda.


I høve skadar på skog er det vinterbeitelokalitetane som oftast er mest utsett, og ein del stader vil det etter hogst med dagens hjortebestand vere vanskeleg å få etablert ny skog med brukande tettleik og kvalitet. Om dette er av betydeleg omfang for etablering av ny skog kan Skoglova leggje føringar for at hjortebestanden må reduserast.

3.3 Skadar i hagar m.v.

Mange stader kan det vere problem med hjort som oppheld seg i bustadområde og gjer skade i hagar og på gravplassar m.v.. Slike problem er ofte knytt til einskilde dyr som fort vert lite sky overfor folk og vanskeleg å jage. Løysing på problemet i dei fleste tilfelle er å ta ut slike dyr ved jakt eller skadefellingsløyve.


3.4 Påkøyningar

For å redusere påkøyrslar er det ei rekkje tiltak som kan setjast i verk. Dette kan vere utvida ryddebelt eller ledegjerder for å styre kryssingane til meir oversiktlege strekningar. Det er vegvesenet som utfører sikringstiltak langs vegnettet medan det er kommunen som har ansvaret for å registrere påkøyningar. For at vegstyremaktene skal kunne styre slike tiltak der dei gjev best effekt er det difor viktig at alle påkøyningar vert registrert i Hjorteviltregisteret. Ved å nytte kartløyseringa der kan vegstyremaktene ved eventuelle tiltak prioritere dei mest belasta strekningane/punkta.




Figur 4: kartet syner fordelinga av registrerte påkøyningar i perioden 01.01.2020 – 31.12.2024 på ulike vegstrekningar. Klauvesymbolet gjeld 1 påkøyning medan tala syner antalet på kvar strekning/område.

I Høyanger er det for perioden 2020 – 2024 (5 år) registrert 253 påkøyringar, som utgjør 50,6 påkøyringar i året i gjennomsnitt. Av desse er 149 registrert på E39 som er den klart mest utsette vegstrekninga. Dette heng nok saman med både trafikkmengd og type trafikk som er mykje gjennomfart. På dei andre vegane er der nokre utsette strekningar på Fv55 medan det på sørsida av fjorden er relativt få påkøyringar.




Figur 5 syner tal registrerte påkøyringar og tal felte hjort per år.

Talet påkøyringar av hjort vil i dei fleste tilfelle variere med bestandstettleiken. Som ein ser her så er det godt samsvar med aukande tal påkøyringar og tal felte hjort som speglar bestandstettleiken. Ved å redusere bestanden så vil ein og truleg redusere talet påkøyringar.



Figur 6: syner korleis påkøyringane fordeler seg over året for perioden 2010 – 2024.

Februar og mars er den månadane i året der det skjer flest påkøyringar medan det er relativt få i sumarmånadane.




Figur 7 syner fordelinga av dei registrerte påkøyringane på klokketimar.

Ein stor del av påkøyringane skjer mellom kl 06 og 08 på morgonen då det ofte er dårlege lystilhøve om vinteren og hausten då dei fleste skjer.

4 Bestandsutvikling og status


4.1 Fellingsstatistikk

4.1.1 Fellingsstatistikk 1986 - 2024



Figur 8 : Viser årleg total avskyting av hjort i kommunen frå 1986 til 2024.

Hjortebestanden i kommunen har som for resten av vestlandet hatt ein kraftig vekst sidan byrjinga av 1990 talet. Ein hadde ein topp i fellingstala her i 2010 og ein mindre reduksjon nokre år etter og deretter kraftig auke som elles på vestlandet. I 2024 vart det for kommunen samla felt 910 hjort som er det meste som nokon gong er felt.




Figur 9: viser tildelte og felte dyr (venstre akse) samt fellingsprosenten (høgre akse) for perioden 2008 – 2024.

Frå 2016 har tildelinga av fellingsløyve vore aukande og fellingstalet auka dei fyrste åra og har sidan stabilisert seg kring 900 felte hjort i året.


4.1.2 Fordeling av avskytinga

Tilrådd avskytingsmodell har lenge vore å skyte «gjennom bestanden» dvs. at jaktuttaket skal gjerast på alle kjønns og aldersgrupper og at evt. ynskje om auke eller minke i bestandane skal gjerast gjennom å auke eller redusere det samla uttaket. Tilrådd fordeling av uttaket var lenge - minimum 20 % kalv (samla for begge kjønn), 20 % fjorkoller, 20 % spissbukk, maksimum 20 % eldre hanndyr og maksimum 20 % eldre hodyr. Vidare at fordelinga mellom kjønna samla sett skal vere lik og at kalv og ungdyr samla bør utgjere minst 60 %. Ein ser med dei høge bestandane ein har på Vestlandet i dag at gjennomsnittsalderen for dei vaksne dyra er låg. Dette har verknad for vektutviklinga til dyra i bestandane der ein ser at slaktevektene for dei ulike årsklassane har gått ned i takt med bestandsauken. For å gjere bestandane meir stabile og robuste bør særskilt kalv utgjere ein langt større del av jaktuttaket enn tilrådingane tidlegare.



Figur 10. syner kor stor del kalv, spissbukk, fjorkolle og kalv og ungdyr samla har utgjort i % av samla jaktuttak.


Kalv har utgjort ein aukande del av jaktuttaket og har dei siste åra utgjort kring 30 % av det samla jaktuttaket. I gjennomsnitt for dei 5 siste åra har kalv utgjort 28,9 %. Dette er positivt i høve å ta ut ein større del av tilveksten for å auke gjennomsnittsalderen til dei vaksne dyra i bestanden. Ungdyr har utgjort ein rimeleg stabil del av uttaket dei seinare åra med om lag 18 % spissbuk og 15 % fjorkolle i gjennomsnitt dei 5 siste åra. Kalv og ungdyr har såleis utgjort hovudtyngda av jaktuttaket med 62,4 % i gjennomsnitt dei siste 5 åra.



Figur 11. syner andelen eldre dyr i jaktuttaket i % av samla jaktuttak.

Som ei følgje av at kalv (i hovudsak) og ungdyr har utgjort er aukande del av uttaket har eldre dyr utgjort ein mindre del av det samla jaktuttaket dei seinare åra. Dette gjeld særleg bukk som siste åra har utgjort ein vesentleg mindre del enn tidlegare. For siste 5 åra har bukk utgjort 14,4 % av jaktuttaket noko som er særst positivt i høve å få meir vaksne hanndyr inn i bestandane. Det har såleis vore ei positivt utvikling i avskytinga både i høve å få meir vaksne hanndyr og å auke gjennomsnittsalderen til dei vaksne dyra i bestanden.


4.1.3 Kjønnssfordeling i jaktuttaket



Figur 12: syner kjønnssfordelinga blant dei felte dyra for alle årsklassar samla.

Resultat frå Overvåkingsprogrammet for hjortevilt syner at det lenge har vore alt for lite vaksne hanndyr i høve hodyr i hjortebestandane på vestlandet. Dette skuldast ei overvekt av hanndyr i høve hodyr i jaktuttaket over lang tid. For Høyanger samla så har ein ei tid hatt ei overvekt av hodyr og samla for perioden her har hodyr utgjort 52,6 %.

4.1.4 Fordeling av avskytinga på kjønns og aldersgrupper



Figur 13: syner talet felte hjort for dei ulike kjønns og aldersgruppene på venstre akse og talet felte hjort totalt på høgre akse.

Utifrå resultatane frå Overvåkingsprogrammet veit ein at gjennomsnittsalderen for dei vaksne dyra i bestandane, særleg hanndyr er låg dei fleste stader jfr figur 2.1.3. Beste tiltaket for å auke gjennomsnittsalderen er at kalv (særleg) og ungdyr utgjør ein stor del av jaktuttaket.

Som figur 13 syner så er størstedelen av den auka avskytinga dei seinare år gjort ved å ta ut langt fleire kalvar enn før medan ein for eldre dyr berre har hatt ein mindre auke i talet. Talet eldre hanndyr (bukk) har dei siste åra vore stabilt medan talet koller har vore aukande i uttaket. Dette er positivt for både kjønnsbalansen og å auke gjennomsnittsalderen til bukkane i bestanden.

4.2 Sett Hjort registreringar og vårteljning

Å halde eit bestandsnivå nokolunde stabilt er ikkje enkelt og det krev gode styringsverktøy og presis rapportering. Likevel vil ein måtte leve med mindre variasjonar då endringane fyrst vert fanga opp i ettertid.

Ein reknar at om lag 85 % av hjorten dør av ei kule. Jakta har såleis stor verknad på bestandsutvikling, men det vil likevel vere naturlege variasjonar grunna ulike vertilhøve frå år til år som igjen påverkar beitekvalitet, vektutvikling og vinteroverleving fyrst og fremst for kalvar. Dette kan medføre lokale bestandsendringar som ein ikkje lett fangar opp.

Med gode styringsverktøy vil ein kunne sjå endringane tidlegare og kunne korrigere avskytinga raskare. Sett Hjort registreringar er det verktøyet ein i dag meiner er det beste ein har. Dette går ut

på at jegerane under jakta registrerer tidsforbruk og det dei ser og feller av hjort. Utifrå det vert det rekna ut ulike indeksar som skal sei noko om bestandsutviklinga både i høve bestandsstorleik, kjønnsfordeling, reproduksjon og jakttrykk. Kor godt det er avheng av mengda og kvaliteten på registreringane. Men dette er heller ikkje eigna til å fange opp brå og lokale endringar, men meir å sjå trendar i bestandsutviklinga for større område over noko tid.


Data vert registrert særskilt for innmark og utmark. Sett hjort data frå innmarksjakt syner seg å variere mykje einskilde år utan at det kan forklarast utifrå bestandsmessige tilhøve. Ein reknar difor at tala frå utmarksjakt gjev dei sikraste indikasjonane på bestandsvariasjonar. Sett Hjort er eit statistisk verktøy og kvaliteten og presisjonen i indeksane aukar med auka datamengd/registreringar. Tilfeldige avvik og feilregistreringar vil gjere mindre utslag dess større datamengd som ligg bak.

Det er difor viktig at alle registrerer data frå mest mogleg av den tida ein jaktar både om ein ser eller feller noko men like viktig når ein ikkje gjer det. Fyrst då vil ein få eit best mogleg grunnlag for å vurdere bestandsendringar.

Høyanger kommune har Sett Hjort registreringar med god datamengd frå 2010 frå utmarksjakt. Ein har difor valt å berre sjå på data frå utmarksjakt i figurane nedanfor då dette gjev dei sikraste indikasjonane.

Det er og utført vårteljing av hjort i kommunen sidan 2002.

4.2.1 Sett hjort per jegerdag og vårteljing




Figur 14: Blå line syner kor mange hjort som vert observert pr jegerdag i utmark med referanse på venstre akse. Stipla svart line viser tal felte hjort per år på høgre akse.

Indeksen for Sett hjort pr jegerdag gjev signal om endringar i bestandstettleiken. Trass i jamt aukande avskyting i perioden er indeksen for Sett hjort aukande noko som tyder vekst. Om ein ser på trenden (stipla blå line) for heile perioden her kan det synest som at det framleis er vekst i bestanden, men indeksen dei seinare åra er truleg påverka av endringar i instruksen for føring av sett hjort data etter 2018.



Figur 15 syner sumtal for vårteljningane på nord og sørsida av kommunen kvar for seg.


Med litt større årlege variasjonar syner tala frå vårteljningane jamn auke i bestandsstorleiken noko som underbyggjer Sett hjort registreringane. At det er større årlege variasjonar skuldast ikkje bestandsmessige tilhøve men er knytt til observasjonstilhøva. Vårteljninga vert gjort på eit færre tal dagar og vertilhøve kan då lett påvirke kor mykje hjort som vert observert



Figur 16 . Syner indeksane for sett og felt hjort per jegerdag for perioden 2018 – 2024

Frå 2018 vart instruksjonen for registrering av sette hjort endra i høve registrering der fleire jegerar har observert same dyr til at alle no skal registrere det dei har sett. Dette kan ha medverka til at indeksen frå 2018 vert høgare enn ved tilsvarande bestandstettleik tidlegare. Her kan ein ikkje sjå nokon tydeleg effekt av dette då indeksen med årlege variasjonar har vorte jamt aukande. Samstundes er indeksen for felte hjort per jegerdag aukande. Utifrå dette meiner ein at ein det framleis er vekst i bestanden.


4.2.2 Sett kalv pr kolle



Figur 17 : viser kor mange kalvar som vert observert pr observert kolle under jakt i utmark.

Sett kalv pr kolle gjev uttrykk for reproduksjonsevna i bestanden. Dette avheng av kondisjonen og aldersfordelinga blant dei vaksne hodyra i bestanden. I dei fleste tilfelle vil det vere ynskjeleg med ein høg og stabil produksjon av kalvar i bestanden. Viktigaste kriteriet i så måte er høg gjennomsnittsalder og god kondisjon på dei vaksne dyra i bestanden. Trenden for indeksen i perioden her er aukande noko som tyder at det er ein aukande del av kollene som har kalv. Dette tolkar ein til at gjennomsnittsalderen til hodyra i bestanden er aukande noko som samsvarar med ein aukande del kalv i jaktuttaket dei seinare åra.

4.2.3 Sett Kolle pr. bukk




Figur 18: Syner kor mange koller som vert observert pr observert bukk (medrekna spissbuk) og gjev uttrykk for endringar i kjønnsfordelinga blant dyr 1,5 år og eldre i bestanden.

Sett kolle pr. bukk gjev uttrykk for kjønnsfordelinga blant dei vaksne dyra i bestanden, dess høgare indeks dess færre bukkar i høve koller. Ein skal vere merksam på at indeksen ikkje speglar den reelle

fordelinga i bestanden. Bukkane er meir synlege og let seg lettare observere slik at det i den verkelege bestanden er færre bukkar pr kolle enn det indeksen tilseier. I hjortebestandane på Vestlandet er det grunna ei overvekt av hanndyr i jaktuttaket over lang tid særst få vaksne bukkar i høve koller (ref. pkt. 2.1.3).

Trenden for indeksen (stipla line) er rimeleg stabil noko som tilseier at det ikkje er store endringar i kjønnsforholdet mellom dei vaksne dyra i bestanden. Ein har i lengre tid (Figur 12) hatt ei lita overvekt av hodyr i jaktuttaket men denne har ikkje vore stor nok til å påverke indeksen. Denne har her lenge lege godt under 1,5 noko ein sjeldan ser for andre område. Utifrå dette kan det synest å vere noko betre fordeling mellom bukkar i høve koller her enn det ein ser mange andre stader på vestlandet. Men det er nok likevel få vaksne bukkar i høve koller her og.

4.2.4 Sett spissbukk pr bukk



Figur 19: syner kor mange spissbukk som vert observert pr bukk som vert observert

Indeksen for sett spissbukk gjev indikasjonar på endringar i aldersstrukturen til hanndyra i bestanden. Reduksjon av indeks tilseier at det vert fleire eldre hanndyr i høve spissbukk og dermed og aukande gjennomsnittsalder.

Trenden (stipla line) for indeksen her er minkande noko som tilseier at gjennomsnittsalderen til bukkane i bestanden er aukande. Dette samsvarar med endring i fordeling av jaktuttak dei seinare år der eldre hanndyr har utgjort ein minkande del av det samla jaktuttaket (Figur 11).


4.3 Slaktevekte kalvar og ungdyr

Utviklinga av gjennomsnittlege slaktevekte for dyr av ulik alder over tid kan gje signal om endringar i desse og dermed kondisjonen/haldet til dyra i bestandane.

Jegrane i Høyanger har registrert slaktevekte for felte dyr i hjorteviltregisteret sidan 2006. Det er relativt få og varierende tal dyr som ligg til grunn for tala einskilde år noko som gjer at vektene varierer mykje mellom år og at td hokalvar er tyngre enn hannkalvar. Då dei eldre dyra ikkje er aldersbestemte vil vektene til desse vere meir usikre å nytte. Ein ser her difor på utviklinga av gjennomsnittlege slaktevekte for kalvar og ungdyr (1,5 år) som lett kan aldersbestemast utifrå

tannsettet. Utifrå varierende kvalitet på beitetilhøve kan vektene variere noko frå år til år utifrå dette og ein må difor sjå på utviklinga over tid.


4.3.1 Slakteveker for kalvar



Figur 20 Syner utviklinga av gjennomsnittlege slakteveker for kalvar

Trenden for utviklinga av slaktevektene her er minkande veker og dermed og kondisjon hjå dyra i bestanden noko som samsvarar med resultatata i frå Overvåkingsprogrammet (Figur 1). Meir om årsaker til utvikling av slakteveker framgår i kap. 2.

4.3.2 Slakteveker for ungdyr



Figur 21 Syner utviklinga av gjennomsnittlege slakteveker for ungdyr.

For ungdyr vert trenden for vektutviklinga meir tydeleg. Som ein ser så er den trass i årlege variasjonar eintydig med minkande veker.

4.4. Samandrag bestandsutvikling og status

Utifrå det ein finn av fellingstal og Sett hjort data syner ein lenge å ha hatt veksande hjortebestand trass i aukande jaktuttak og at det framleis er vekst.

For at ein skal få ein bestandsreduksjon av noko omfang må jaktuttaket aukast enno meir. Kalv har utgjort ein stor del av auken i jaktuttaket dei seinare åra og dermed er gjennomsnittsalderen til dei vaksne dyra i bestanden og dermed reproduksjonsevna truleg auka.

I høve kjønnsbalansen så er indeksen for Sett kolle per bukk (Figur 18) relativt stabil trass i ei mindre overvekt av hodyr (Figur 12) i uttaket ei tid. For å betre kjønnsbalansen må ein difor ha ei enno større overvekt av hodyr noko som og vil vere positivt for å redusere bestandane.

Kalv har utgjort ein aukande del og eldre dyr ein minkande del av jaktuttaket (Figur 10, 11 og 13) ein del år no. Utifrå dette så meiner ein gjennomsnittsalderen til dei vaksne dyra i bestanden er aukande. Dette er positivt men den er framleis låg særleg for hanndyr. Kalv bør difor utgjere ein enno større del av jaktuttaket enn dei siste åra vidare framover.

Slaktevektene og kondisjon for dyra i bestandane er minkande (Figur 20 og 21) noko som er uheldig i høve dyrevelferd. Dette har fleire og samansette årsaker knytt til bestandstettleik og kjønns og aldersstruktur hjå dei vaksne dyra i bestanden (jfr. pkt.2.2). Utviklinga av vekt og kondisjon tilseier og at bestandane bør reduserast.

Beiteskadar av hjort for landbruksnæringane har eit betydeleg omfang. Dette medfører økonomisk tap av eit betydeleg tap noko som og talar for å redusere bestandane.

Talet påkøyningar av hjort er høgt i kommunen noko som medfører lidningar for dyra og samfunnsmessige kostnader av vesentleg betyding. Dette gjeld materielle skadar på køyretøy og personskeidar samt kostnader med ettersøk og avliving av dei skadde dyra. Talet påkøyningar har vore aukande med aukande bestandar (Figur 5) og å redusere bestandane vil difor og kunne redusere omfanget av påkøyningar.

5 Organisering, valdstruktur og områdebruk

For å kunne drive ei målretta bestandsforvaltning er det viktig at jaktrettshavarane er organisert i store nok og godt avgrensa einingar i høve årsleveområda til dei «lokale hjortebestandane». Denne organiseringa kan anten vere som vald eller at vald samarbeider om bestandsplanar ved å organisere seg i Bestandsplanområde.

5.1 Dagens valdstruktur og organisering

I Høyanger er det i dag 37 aktive vald med eit teljande areal som varierar frå 670 daa til 71.923 daa med eit samla teljande areal på 409.030 daa. Av desse valda er det berre 6 som har tildeling etter bestandsplan og 31 som har retta tildeling. For 2024 hadde valda med bestandsplan tildelt 44 % av fellingsløyva som var tildelt i kommunen.

Utifrå resultat i frå GPS merka hjort er det definert 3 ulike årsleveområde for hjortebestandar i kommunen. Delen av kommunen på sørsida av Sognefjorden er avgrensa som eit årsleveområde saman med austre delen av Gulen kommune. På nordsida av fjorden er det avgrensa 2 årsleveområde der valda i vestre delen av kommunen er i lag med valda i Fjaler og Hyllestad. Valda i austre delen av kommunen inngår i eit område i lag med vald frå vestre delen av Sogndal kommune. Det er organisert bestandsplanområde for samarbeid med vald i nabokommunane for samarbeid om felles bestandsplan for området i vestre delen av kommunen i lag med vald frå Fjaler og Hyllestad. For dei 2 andre områda er det ikkje etablert bestandsplanområde men nokre av valda har eigen bestandsplan.

6 Forvaltningsmål og tiltak i planperioden

6.1 Hovudmål

Hjorten er ein viktig utmarksressurs i Høyanger kommune. Bestanden skal forvaltast slik at det sikrar grunnlaget for ei langsiktig og stabil hausting av hjort som ein ressurs for jakt, naturopplevingar (rekreasjon), matproduksjon og næringsutvikling. Dette utan at konfliktnivået i høve nærings- og andre samfunnsinteresser vert for stort. Forvaltninga skal og sikre bestandar med sunne og friske dyr i god kondisjon utifrå dyra sin eigenverdi og omsynet til dyrevelferd.

6.2 Delmål

6.2.1 Bestandsretta og grunneigarstyrt forvaltning av hjortebestandane
Forvaltninga av hjort i kommunen skal i hovudsak gjerast ved bestandsplanar.

6.2.2 Redusere omfanget av arealbrukskonflikhtar i høve andre interesser

Kommunen skal gjennomføre si forvaltning basert på best mogleg kunnskapsgrunnlag. Det skal leggjast vekt på å redusere arealbrukskonflikhtar i høve til:

- Skadar på jordbruksareal/avlingar og skog
- Påkøyringar/kollisjonar mellom hjort og motorkøyrerøy

Ved å redusere bestandsstorleiken vil ein og kunne redusere skadeomfanget på landbruksnæringane. Reduserte bestandar vil og oftast medføre mindre påkøyringar

6.2.3 Redusere bestanden og legge til rette for eit stabilt jaktuttak

Både fellingstal og Sett hjort syner at det lenge har vore og framleis er vekst i bestandane og at dei no er særst høge. I takt med bestandsveksten har slaktevekta til dyra vore minkande noko som er uheldig i høve kondisjon/ overleving og reproduksjon. Det er og omfattande skader på jordbruksproduksjon og skogbruk grunna beiting av hjort i delar av kommunen. Med ei betra kjønns og aldersstruktur i vinterbestanden vil ein framover kunne hauste meir enn på tilsvarande bestandsstorleik som i dag. Bestandane bør reduserast vesentleg og jaktuttaket må difor aukast i åra framover med ei overvekt av hodyr. Ein har ikkje tal for bestandsstorleiken og det er vanskeleg å

setje nokre konkrete og målbare mål for storleiken av reduksjonen. Einaste er indeksen for Sett hjort per jegerdag der det bør vere eit mål at denne bør under 1,0 ved utmarksjakt.

6.2.4 Auke andelen eldre hanndyr i bestanden

Grunna ei overvekt av hanndyr i jaktuttaket over tid er det lite vaksne hanndyr (5 år +) i dagens hjortebestandar på vestlandet. Desse har viktige funksjonar i høve brunstaktivitet som påverkar kalvingstidspunktet og dermed og vektutviklinga til dyra i bestanden.

6.2.5 Auke gjennomsnittsalder til dyra i bestanden

Grunna låg gjennomsnittsalder blant dei vaksne dyra i bestandane er reproduksjonsevna låg i høve det den kan vere. Ein før difor på ein stor del «uproduktive» dyr gjennom vinteren som må konkurrere med produksjonsdyra om avgrensa matressursar. Ved å redusere bestanden med eit auka totaluttak ved å ta ut meir kalv og ungdyr vil ein redusere vinterbestanden samstundes som gjennomsnittsalderen til dyra i vinterbestanden aukar. Dette vil gje ei mindre men meir stabil og robust bestand med ei høgare reproduksjonsevne. Eldre koller (5 år+) går tidlegare i brunst enn ungkoller og før større kalvar som vert kalva tidlegare. Dette er viktig for vekt og kondisjonsutviklinga til dyra i bestanden og målet er at gjennomsnittsalderen til felte dyr 2 år og eldre skal auke til stabilt over 5 år for hanndyr og over 6 år for hodyr.

6.2.6 Sikre bestandar med sunne og friske dyr i god kondisjon

Dyr skal handsamast godt og ikkje utsetjast for unødige påkjenningar og lidingar. Reduserte slaktevektar og kondisjon medfører m.o.a. større vinterdødelegheit og lidingar for dyra. Av omsynet til dyrevelferd er det difor eit mål å stogge nedgangen i slaktevektene i perioden og på sikt få ein auke i desse.

6.3 Tiltak

6.3.1 Bestandsretta og grunneigarstyrt forvaltning av hjortebestandane

Det er berre ein mindre del av tildelinga av fellingsløyve i kommunen som vert gjort etter bestandsplan og ein stor del av dette til relativt små vald. Det skal arbeidast for at fleire av valda tek del i felles bestandsplanar mest mogleg i samsvar med avgrensinga av dei 3 årsleveområda som er definert.

Kommunen skal støtte arbeid med samarbeid, organisering og bestandsplanar med tilskot frå det kommunale viltfondet.

6.3.2 Forvaltninga skal vere kunnskapsbasert

Sett hjort er det beste verktøyet ein i dag har for å kunne sjå bestandsmessige endringar. For at dette verktøyet skal vere best mogleg er ein avhengig av at det vert registrert mest mogleg data frå jakt. Oppslutninga om dette er brukbar og aukande i kommunen men det bør oppmodast om at det vert registrert frå all jakt, særleg utmarksjakt som gjev mest sikre data.

Avskytings mønster og bestandsutvikling har vore mykje godt lik over heile vestlandet sidan byrjinga av – 90 talet då *Overvåkingsprogrammet for hjortevilt* starta. Data frå overvakingsregionane på vestlandet er difor relevante og kan og bør nyttast her i kommunen og.

6.3.3 Redusere omfanget av arealbrukskonfliktar i høve andre interesser

Alle rapporterte påkøyringar skal registrerast i Hjorteviltregisteret. Samarbeid med vegmyndigheitene for – om mogleg å få sett i verk tiltak på utsette strekningar.

Stogge bestandsveksten og redusere vinterbestanden gjennom auka totaluttak.

6.3.4 Auke andelen eldre hanndyr i bestanden

Kalv skal utgjere ein stor del av jaktuttaket samstundes som ein skal ha ei god overvekt av hodyr i det samla jaktuttaket.

6.3.5 Auke gjennomsnittsalder til dyra i bestanden

Kalv skal utgjere ein stor del av det samla jaktuttaket og bør utgjere minst 35 % av det samla uttaket.

Det skal gjennomførast årlege vurderingar av status på om forvaltninga er i tråd med mål og tiltak.

6.3.6 Sikre bestandar med sunne og friske dyr i god kondisjon

Ved å redusere bestanden, få meir vaksne hanndyr i bestanden og å auke gjennomsnittsalder vil ein legge eit godt grunnlag for å kunne betre vekt og kondisjon til dyra i bestanden.